



Norges Fiskarlag

Fiskeridirektoratet

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
		Britt Sæle Instebo, 454 76 360	24.09.2024

Regulering av fisket etter øyepål i 2025

Styret i Sør-Norges Fiskarlag behandla ovannemnde sak i sitt møte 18.-19.09.2024, og gjorde følgjande vedtak:

Styret i Sør-Norges Fiskarlag meiner at det må vere mogeleg å ha 2% bifangst av sei til oppmaling ved fiske i Nordsjøen etter kolmule og øyepål. Kvantumet må belastast fartøyskvoten.

Styret kan ikkje sjå at det ikkje skal vere lovleg å ha utover 10% bifangst av nordsjøsilde når ein har fartøyskvote att, som ein kan avrekne det mot. I tillegg vil ein vise til at frå 01.01.2024 blei det innført forskrift for prøvetaking av industrifangster ved landing (J-122-2023). Ein meiner på generelt grunnlag at ein sjølv må vere ansvarleg for å «husholdere» kvoten sin inkludert til bifangst. I høve miljøaspektet er det på generelt grunnlag ein stor fordel om ein kan fiske fleire artar samtidig.

Vidare står det i § 42 «Bifangst ved fiske med småmasket trål og snurrevad» i høstingsforskrifta:

Det er tillatt å ha inntil 0,5 % bifangst av breiflabb i vekt i de enkelte fangster og ved landing, men maksimalt 1,000 kg breiflabb pr. tur.

Ein vil vise til at denne bestemmelsen kjem frå ei tid då fartøya ikkje kunne ha så lange perioder på havet for å bevare kvalitet. Førslår difor at en fjerner maksgrensa på 1000 kg per tur og at ein kan ha 1 % innblanding då kvoten aukar til neste år.

Styret meiner at norske fiskarar, på lik linje med i andre soner, må kunne fiske øyepål heile året, og ikkje slik som i dag 01.04–31.10. Det er spesielt viktig i fiskeri der kvoten ikkje er fullt utnytta og der bestanden ikkje er fordelt mellom landa.

Ein ber òg om at ein må få gjensidig soneadgang då det er ein felles bestand i området. Samt at ein må tillate eit prøvefiske etter øyepål på den no stengde Patchbanken. Ein vil vise til at selekteringsinnretningane har endra seg etter fastsetjinga av forskrifta.

Med helsing
Sør-Norges Fiskarlag

Janita Arhaug
Dagleg leiar

Britt Sæle Instebo
Avdelingsleiar

Kopi: Nord Fiskarlag
Fiskebåt

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven signatur.